

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksbehandlar: Asle Johan Bergseth Konnerth

Arkivsak: 26/1145

Styre, råd, utval:	Møte dato:	Saknr.:
UTVAL FOR MILJØ OG KOMMUNALTEKNIKK	24.08.2026	030/26

Strategi for lauvskogen i Stranda kommune

Kommunedirektøren si tilråding:

Strategi for lauvskogen sendast på offentlig høyring.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Stranda kommune har delteke i kartlegging av lauvskogen i samarbeid med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Kartlegginga er digitalisert ut i frå skogressurskartlaget (SR16) og brattheit i 3 klassar av lauvskogen.

Ein strategi for lauvskog er eit verktøy for å gi politisk retning og prioritering i forvaltninga av skogressursane. Strategien kan brukast til å forankre mål i kommuneplanen, styre arealbruk, prioritere tiltak og ressursbruk, samt sikre meir føreseieleg og kunnskapsbasert saksbehandling.

Vidare gir strategien eit grunnlag for å balansere næringsutvikling og miljøomsyn, og legg til rette for betre samarbeid mellom kommune, skogeigarar og næring. Strategien bidreg dermed til å omsetje kunnskap om ressursane til konkrete tiltak og auka verdiskaping.

Saksopplysningar

Kartlegginga er utført i 2025 og for brattheitsklassar 1-2 og 3 med fargane grøn, gul og raud. Det er laga eitt utkast for strategi som bør sendast ut på høyring.

Klasse	Areal (daa)	Dekningsgrad (%)
Klasse 1	7 990	13
Klasse 2	16 220	26
Klasse 3	38 793	62
Sum	63 003	100

Vi har hovedtal frå Stranda kommune frå områdetakst frå Allskog og enkelttakster utført 2016. Dette gjeld for delar av kommunen.

Vurdering

Kystområda i Noreg har eit betydeleg underskot av tømmer og trevirke. I Møre og Romsdal er det årlege behovet om lag 600 000–700 000 kubikkmeter, medan avverkinga berre ligg på 250 000–300 000 kubikkmeter. Vi produserer altså berre rundt ein tredel av eige behov. Samtidig er skogbruk blitt eit heitt debatttema, med sterke meiningar om hogst, sitkagran, landskap, vegar og biologisk mangfald. Problemet er at debatten ofte manglar eit heilskapleg

perspektiv. Skogreisninga langs kysten vart starta for å byggje opp att ressursar etter langvarig overutnytting, og i dag er behovet for tre større enn nokon gong – både til bygg, industri og som alternativ til fossile råstoff.

I dette spennet mellom auka etterspurnad, vern av skog og press på areala, ligg ei grunnleggjande utfordring: Korleis forvaltar vi skogen slik at han både gir verdi i dag og ressursar i framtida? God skogforvaltning krev langsiktige, kunnskapsbaserte val – men i dag blir ein betydeleg del av areala langs kysten framleis ikkje forynga etter hogst. Det er eit ansvar både skogeigarar og myndigheiter må ta på alvor.

Stranda kommune har store lauvskogressursar med eit betydeleg potensial for auka verdiskaping, styrkt klimabidrag og ivaretaking av biologisk mangfald. Samstundes er delar av ressursen i dag lite utnytta, og skogstrukturen er prega av mykje eldre skog og låg aktivitet. Lauvskogen spelar ei viktig rolle i kommunen sitt klimaarbeid gjennom opptak og lagring av CO₂. Ein meir aktiv og målretta forvaltning vil kunne auke karbonbindinga, samstundes som ein tek vare på eksisterande karbonlager i skog og jord.

Særlege utfordringar i Stranda er knytt til bratt terreng, høge driftskostnader og fragmentert eigedomsstruktur. Dette tilseier behov for ei meir koordinert og kunnskapsbasert tilnærming til forvaltning av ressursane.

Ein eigen strategi for lauvskogen vil gi kommunen eit tydeleg grunnlag for prioriteringar og tiltak, og leggje til rette for auka aktivitet, betre utnytting av ressursane og god balanse mellom produksjon, klimaomsyn og miljøverdiar i tråd med berekraftig skogbruk og PEFC-standard.

Ved å auke produksjonen på om lag 5 000 dekar lettdrive lauvskogareal, ligg det eit betydeleg potensial for auka tilvekst. Særleg ved treslagsskifte til gran og bruk av foredla plantemateriale kan tilveksten aukast vesentleg på eigna areal. Erfaringar frå skogbruket viser at slike tiltak kan gi ein auke i produksjon og verdiskaping i storleiksorden 20–40 %, og i enkelte tilfelle opp mot 50 %, avhengig av bonitet og driftsopplegg.

Basert på statistikk er det avverka om lag 3 400 dekar i Stranda kommune i moderne tid. Samstundes er det truleg berre planta til i overkant av 2 700 dekar, estimert ut frå volumberekna areal. (170000\50)

For å kompensere for omdisponerte areal etter avverking av bartømmerskog bør ein minst vurdere å ta i bruk nye areal frå lauvskog som erstatning, slik at både produksjonen og karbonbindinga blir oppretthaldne.

Tilråding:

Stranda kommune utarbeider og vedtek ein strategi for lauvskog som grunnlag for vidare utvikling av skogressursane.

Vedlegg:

Dok.dato:

11.06.2026
11.06.2026
15.06.2026
25.06.2026
25.06.2026
08.06.2026

Vedlegg:

Faktagrunnlag for Lauvskog i Stranda
Lauvskogstrategi for Stranda kommune
Statistikk frå nyare tid for skogen i Stranda
Definisjonar
1525_Sumtall
Kart_Stranda

Dok.ID

444965
444966
445235
446046
446049
444507

